

Styremøte halde på kommunehuset søndag 29. mars 2009 kl. 18.00 – 19.30.

Frammøte: Jan Hammersvik, Kaare Aardal, Per Arne Berge og Terje Hovden.

Nr.	Sak / aksjon / frist	Ansvarleg
1	<p>Godkjenning av referat frå årsmøtet Referatet samrøystes godkjent.</p>	
2	<p>Konstituering av styret Styrefunksjonane uendra frå 2008, dvs.</p> <ul style="list-style-type: none"> ▫ Jan Hammersvik, leiar ▫ Kaare Aardal, nestleiar ▫ Terje Hovden, kasserar / skrivar ▫ Per Arne Berge, medlem ▫ Atle Nøstdal, medlem <p>Samrøystes.</p>	
3	<p>Våronn i Årdalen – dugnad / kulturdag Etter ein del diskusjon var styret samde om at ein del oppgåver må prioriterast framover:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Ordne tunet – utvide oppover og ordne utrasa mur 2. Få saltekara tilbake til eigarane 3. Ordne mønekam på huset (ferdig produsert). Samstundes skifte knust takstein 4. Rydde einstape på dei araela vi seinare skal slå 5. Rydde i geitafjøset – sage opp skrapmateriale til ved <p>Dugnad både laurdag den 4. og 11. april – oppmøte frå kl. 10. Alle tek med mat / kaffi til eige bruk.</p> <p>Per Arne kjøper inn div. reiskapar:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▫ 5 stutturvar + bryne ▫ grafse og grafsebrett ▫ hakke (gjerne rothakke med både spiss og «kniv») ▫ slegge i høveleg vekt for steinarbeid 	Per Arne
4	<p>Eventuelt Viktig at vi prøver å få i stand tunet. Området rundt husa bør inngjerdast – dette må vi sjå på når vi er i Årdalen.</p> <p>Einstapen bør fjernast før graset kjem i vekst. Må fjernast og brennast. Elles litt lyng som bør brennast. Seinare må slått utførast etter frøsetting (jordnøtt), medan einstapen bør slåast med tanke på utrydding.</p> <p>Nasjonal plan for kulturlandskap no er godkjend. Ingvild arbeider med ein skjøtselsplan.</p>	

26.1.2009
th